



Arkivnr: 2015/4258-1

Saksbehandlar: Per Morten Ekerhovd, David Aasen Sandved, Tor Titlestad

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		02.06.2015
Fylkesutvalet		18.06.2015

### Nordisk verdsarvkonferanse i Bergen 22 til 24 september 2015. Søknad om tilskott. Politisk representasjon

#### Samandrag

Sidan 1995 har dei nordiske verdsarvstadene arrangert ein årleg konferanse som skal styrke arbeidet med verdsarvkonvensjonen i Norden.

20-års jubileumskonferansen i 2015 er lagt til Bryggen i Bergen. Ein arrangementskomité med representantar frå Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Stiftelsen Bryggen, Museum Vest og Bymuseet førebur den faglege og praktiske gjennomføringa. Konferansen vert arrangert 22.-24.september 2015. Deltakarane vil før og etter konferansen få valfrie tilbod om deltaking på ekskursjonar til Hardanger og Nærøyfjorden.

Verdsarvstaden Bryggen inngår som eit sterkt marknadsføringselement i utviklinga av Bergen og regionen som reiselivsdestinasjon, og har interesse både for regional utvikling/reiseliv som fagfelt, i tillegg til kulturminnevern.

Arbeidet med å førebu konferansen har no kome til eit punkt der det er naturleg å leggje fram sak til politisk handsaming.

#### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ser Verdsarvkonferansen i Bergen 2015 som ein viktig arena for å styrke samarbeidet om forvalting av nordisk verdsarv.
2. Fylkesutvalet løyver kr 150.000 til Nordisk verdsarvkonferanse i Bergen 22. til 24 september 2015. Løyvinga dekkas inn og belastas fylkesutvalets tilleggsløyvingskonto.
3. Fylkesutvalet ber fylkesordføraren om å vere vertskap for middagen 22. september på Fiskerimuseet.
4. Fylkesutvalet utnemnar følgjande medlemer til å representere Hordaland fylkeskommune under Konferansen:

- a) Namn: \_\_\_\_\_
- b) Namn: \_\_\_\_\_

c) Namn: \_\_\_\_\_

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 19.05.2015**

### **1. Bakgrunn**

Sidan 1995 har dei nordiske verdsarvstadene arrangert ein årleg konferanse som skal styrke arbeidet med verdsarvkonvensjonen i Norden. Dei årlege konferansane har som målsetning å auke kompetanse og kapasitet på kvar av dei nordiske verdsarvstadene. Arrangementsansvaret går på rundgang mellom dei nordiske landa.

Konvensjonen for vern av verdas kultur- og naturarv vart vedteken i 1972 etter at kulturminne og naturområde i aukande grad hadde blitt utsett for press i form av krig, naturkatastrofar, forureining, slitasje frå turisme, eller ganske enkelt forfall. Konvensjonen oppmodar alle land til å fremje vern av kultur- og naturarv. Det fremste målet er å bidra til at den delen av arven som har universell verdi vert sikra og ført vidare til komande generasjoner.

I løpet av dei siste 20 åra har talet på stader på verdslista i Norden auka 13-36 (2014). Til tross for stadene sine unike karakterar har verdsarvstadene også felles utfordringar på tvers av landegrensene. På sikt ønskjer ein difor å formalisere dette samarbeidet gjennom etableringa av ein nordisk paraplyorganisasjon for dei nasjonale verdsarvorganisasjonane.

### **2. Verdsarvkonferansen i Bergen 2015**

20-års jubileumskonferansen i 2015 er lagt til Bryggen i Bergen. Arrangementskomitéen med representantar frå Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Stiftelsen Bryggen, Museum Vest og Bymuseet førebur den faglege og praktiske gjennomføringa. Konferansen vert arrangert 22.-24.september 2015. Deltakarane vil før og etter konferansen få valfrie tilbod om deltagning på ekskursjonar til Hardanger og Nærøyfjorden.

Av omsyn til finske og baltiske deltakarar er konferancespråket engelsk.

### **3. Førebels program (programmet er under arbeid og kan verte endra).**

**Pre-tour 21.-22.09 Odda-Tyssedal**

**A detailed plan is not yet ready. Confer attachment for Draft program**

**Day 1: Tuesday 22.09.2015*****The global bridge***

13.00	Registration at Bryggen Museum opens
13.00 – 14.00	Lunch in Schøtstuene
14:15 – 14:45	Official welcome by representative of Bergen municipality
14:45 – 15:20	National Board of Antiquities: News from UNESCO - Report from the World Heritage Committee meeting in Bonn 2015.
15:20 – 15:30	Questions - formalization of Nordic World Heritage Network
15.30 – 16.15	Base-line perspectives on the World Heritage Convention, Conservation theory and Communication
16.15 – 16.30	Questions
16.30 – 17.00	Coffee break

***How do we tell stories?***

17.00 – 18.00:	On-site interpretations Guided tours at the world heritage site Bryggen Museum interpretation: Bryggen Guiding (Bergen City Museum and The Hanseatic Museum) Commercial guide: Bergen Guide Service Literary walk On-site conservation work: Stiftelsen Bryggen /Bryggen visitor center Heritage management: Bergen City Council and Hordaland County Council University of Bergen
18.00-18.30:	Transport to Norges Fiskerimuseum by veteran bus.
18.30-19.30:	Refreshments and time to explore Norges Fiskerimuseum, Museum shop is open
19.30-21.30:	Welcome by Hordaland County Council, Dinner, Norges Fiskerimuseum
21.30:	We walk back to the city center/ transport by boat

**Day 2. Wednesday 23.09.2015*****What stories should we tell?***

08:30-09.00	Musical performance
09:00-09:10	Introduction to this session
09:15 – 09:30	National goals for interpretation and presentation of World Heritage
09:30-09:50	Presentation of the ongoing project on joint dissemination of our Norwegian World Heritage sites / World Heritage Centre.
09:50-10:00	Questions
10:00-10:30	Coffee and refreshments
10:30- 11:15	Dissemination vs. research and management. What kind of knowledge reaches the audience?
11:15 – 11:25	Questions
11:30 – 12:15	Lunch, «plukkfisk»
12:15 -12:50:	What stories do we tell?
12:50 - 13:25	What we tell: One world heritage site
13:30 - 14:00	Coffee and cakes
14.00 – 16:00	Teamwork! Based on the guided tours on day 1
19:00 -19:15	The Church of Mary – short concert
19:15- 19:30	walking towards Haakon's Hall
19:30 -	Reception and dinner, Haakon's Hall. Some entertainment by musicians and actors. Welcome by Bergen City Council

**Day 3. Thursday 24.09.2015*****Best practice***

08:40 – 08:50	Setting the agenda!
---------------	---------------------

09:00 – 09:45	The World Heritage Centre, Telling the World Heritage story – dissemination of best practices, partnerships with broadcasters / DVD packages showcasing a thematic selection of WHS?
09:45- 10:20	World Heritage in Young Hands.
10:25-11:00	New methods of presenting World Heritage
11:00-11:30	Coffee
11:30 – 13:00	Debate (panel) with short presentation of group work
13:00 – 13.30	Conclusion and presentation of next year's conference!
13:30 –	Lunch – grab a sandwich
14.30: Optional:	National meetings (book rooms)

### **Post-tour 24. – 26. September Nærøyfjorden/Urnes/Hyllestad –a detailed plan not yet ready**

#### **4. Budsjett og finansiering**

Det er venta at konferansen vil trekke 100-120 deltagarar frå inn – og utland. Brutto ramme er kr 1 290.600 fordelt på følgjande aktivitetar:

<b>Budsjett for nordisk verdensarvkonferanse Bergen 2015</b>		
	<b>Utgifter</b>	<b>kommentar</b>
<b>Konferansen</b>		
Keynote reise og opphold	40 000	
Moderator inkl. opphold/reise	65 000	
bookingassistanse - BergHansen	6 000	basert på tilbud fra Berg-Hansen
Festmiddag Fiskerimuseet 22.09.14	70 000	Hfk
Festmiddag Håkonshallen 23.09.14	150 000	bk
Iunsj 2-3 dager	100 000	her ut fra et estimat på kr 250 per pers
pauseservering 3 dager - kaffi/te frukt/kaker..	50 000	
konferanse materiell - mapper +++	30 000	
kulturelle innslag	30 000	
uforutsette utgifter 10%	50 000	
SUM	591 000	
<b>Forarbeid</b>		
prosjektstyring - 4 månedsverk (kr 560,- per time)	369 600	kr 92400 per måned: planlegging og gjennomføring av konferansen
SUM	369 600	
<b>Ekskusjoner</b>		
Odda - Tyssedal 20-22.09.15	50.000	Hfk
Nærøyfjorden - Urnes - Hyllestad 24-26.09.15	200 000	
SUM	200 000	
<b>SUM</b>	<b>1210600</b>	

## Finansieringsplan for nordisk verdensarvkonferanse Bergen 2015

Bidragsyterer	Bidrag	motatt	kommentar
Bymuseet	x		Auditoriet på Bryggens Museum, Håkonshallen, guiding, organisering
Museum Vest	x		Schøttstuene, Fiskerimuseet, guiding
Stiftelsen Bryggen	x		Pytterstuen, guiding
Hordaland fylkeskommune	150 000		Festmiddag på Fiskerimuseet + ekskursjon Odda Tyssedal
Bergen kommune	150 000		festmiddag + ca. 1 månedsverk prosjektstyring
Riksantikvaren	500 000		
Den norske UNESCO-kommisjonen	350 000	150 000	
Bergen Reiselivsråd + andre lokale bidragsytere	60 000		Norway Superyacht Service, Maritim Tours, Nordic Cruise Service AS, Norway Cruise Handling, European Cruise Servise
<b>SUM</b>	<b>1210600</b>		

### 5. Fordeling av ansvar mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune

Det faglege innhaldet har vore utarbeidd gjennom samarbeid i arbeidsgruppa: Hordaland fylkeskommune (Fylkeskonservatoren), Bymuseet i Bergen/Bryggens Museum, Museum Vest/Det Hanseatiske Museum og Schøttstuene, Stiftelsen Bryggen og Bergen kommune (Byantikvaren).

Det økonomiske ansvaret er foreslått delt mellom Hordaland fylkeskommune (150.000), Bergen kommune (150.000), Riksantikvaren (500.000), Den norske UNESCO-kommisjonen (150.000 er løyvd) og nokre andre mindre bidragsytarar (Bergen Reiselivslag mfl.)

Verdsarvstaden Bryggen er vertskap for konferansen, i samarbeid med Foreningen Norges Verdensarv og styringsgruppa for nettverket «verdsarven i Norden».

Vertskapsrolla er tenkt delt mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune slik at Hordaland fylkeskommune har vertskapsrolla for «pre-tour» til Odda-Tyssedal 21. og 22 september og for middagen på Fiskerimuseet den 22. september, Bergen kommune har vertskapsrolla på konferansedagane 22.-24. september og for middag i Håkonshallen 24.september.